

## Årsmøte 2021 i avdelinga Tekna Sogn og Fjordane

### Protokoll

Tidspunkt: 18.02.21

Stad: Digitalt via Teams og GoPlenum

Deltaking: 18

Sak nr.	Sak
1	<b>Godkjenning av innkalling og dagsorden</b> Innkallinga og dagsordenen vart samrøystes godkjende.
2	<b>Val av ordstyrar</b> Øyvind Heimset Larsen vart samrøystes valt som ordstyrar.
3	<b>Val av referent og to til å underteikne protokollen</b> Gaute Roska vart samrøystes valt som referent. Geir Liavåg Strand og Joar Sande vart samrøystes valde til å underteikne protokollen.
4	<b>Årsmelding 2020</b> Øyvind Heimset Larsen la fram årsmeldinga for 2020. Årsmeldinga for 2020 vart samrøystes godkjent.
5	<b>Årsrekneskap 2020</b> Gaute Roska la fram årsrekneskapen for 2020. Årsrekneskapen for 2020 vart samrøystes godkjent.
6	<b>Revisjon</b> Dag Lothe kommenterte at det er viktig å ha kontroll på innbetalingar av eigendelar i samband med arrangement. Årsmøtet tok det til orientering. Rekneskapen for 2020 var godkjent av revisor.
7	<b>Handlingsplan 2021</b> Øyvind Heimset Larsen la fram handlingsplanen for 2021. Handlingsplanen for 2021 vart samrøystes godkjent.
8	<b>Fastsetting av avdelingskontingent for 2021</b> Gaute Roska orienterte om avdelingskontingenten. Økonomien er solid, det er derfor ikkje aktuelt å auke kontingenten. Avdelingskontingenten for 2021 vert 144 kr/år.

9	<p><b>Budsjett 2021</b></p> <p>Gaute Roska la fram budsjettet for 2021. Budsjettet for 2021 vart samrøystes godkjent.</p>
10	<p><b>Vedtektssendring</b></p> <p><u>§3.1 Årsmøte</u> Forslag til endring: "Årsmøtet avholdes årlig innen utgangen av mars. Styret kan beslutte at årsmøtet avholdes digitalt dersom styret finner at dette er nødvendig eller hensiktsmessig."  Årsmøtedeltakarane mottok som saksdokument fullstendige nye vedtekter og forslag til endring vart samrøystes vedteke.</p>
11	<p><b>Innkomne saker</b></p> <p>Det var ingen andre innkomne saker utanom vedtektssendring.</p>
12	<p><b>Val av styre, revisor og representantar til R-møtet 2021</b></p> <p>Leif Gabriel Kapstad la fram valnemnda si innstilling.</p> <p><u>Styre 2021</u> Øyvind Heimset Larsen tek attval som leiar. Jannicke Holmset Bukve fortset i styret. Lars Laache tek attval som styremedlem. Gaute Roska fortset i styret. Lars Laache fortset i styret. Beate Kvalsund fortset i styret. Merete Nerland fortset i styret.</p> <p><u>Revisor 2021</u> Dag Lothe tek attval som revisor.</p> <p>Valnemnda si innstilling vart samrøystes godkjent. Valnemnda tok attval.</p> <p><u>Valnemnda 2021</u> Leif Gabriel Kapstad Eli Nummedal Silje Lunde Vassbotten</p> <p><u>R-møtet 2021</u> Øyvind Heimset Larsen vart samrøystes valt som representant til R-møtet. Jannicke Holmseth Bukve vart samrøystes valt som vararepresentant til R-møtet.</p>

18.02.21

*Geir Eivåg Strand*  
- Geir Eivåg Strand -

*Joar Sande*  
- Joar Sande -

